



Friluftsrådet Vest

Dato: 27.04.2015

Vår ref.: 2015/59-124

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak 2015

Det vert vist til dykker søker med frist 15.02.2015 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til lokale friluftslivstiltak. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, vedtok den 16.04.2015 at 5 av tiltaka dykker ikkje fekk tilsagn.

Grunngjeving

I samband med Friluftslivets år 2015 vedtok Kultur og ressursutvalet 12. februar 2015 at kr 320.000 av kr 400.000 som vart sett av i fylkestinget i desember 2014 til Friluftslivets år 2015, skal leggast inn i denne tilskotsordninga. Såleis er det kr 720 000 til fordeling. Det er 75 søkerar med ein samla godkjent søkeradssum på kr 2 429 620. Til grunn for handsaminga låg skildringa som vart gitt i søkeraden. Dykker søkerad vart vurdert saman med andre søkerar opp mot retningslinene for ordninga og relevans for Friluftslivets år 2015. Vurderinga er og sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Følgjande tiltak fekk dverre ikkje tilsagn. Grunngjevinga er:

Tiltak

Oppgradering av servicebygg i Sponavika, Stord

Oppgradering av tilkomstveg Osnes, Etne

Oppgradering av Vedvika friluftsområde, Bømlo

Distribusjon Folkehelse- og friluftsbrosjyrer Sunnhordland

Utviding av lokale friluftsutstyrssbankar

Grunngjeving

Samla godkjent søkeradssum overstig midlar til fordeling, og såleis har fylkeskommunen måtte prioritere mellom mange gode friluftstiltak. Tiltaket gjeld oppgradering av toalett og har liten overføringsverdi til andre. De kan søke om spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv til tiltaket.

Tiltaket gjeld tilrettelegging av infrastruktur og drift, og dette vart ikkje prioritert.

Tiltaket gjeld tilrettelegging av infrastruktur og drift, og dette vart ikkje prioritert.

Tiltaket fekk midlar frå ordninga Tilskot til friluftslivsføremål, post 78.

Tiltaket fekk midlar frå ordninga Tilskot til friluftslivsføremål, post 78.

Saksframlegget til møtet i Kultur- og ressursutvalet ligg ved.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjera. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følger av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive e-post eirik.knive@hfk.no eller tlf 55 23 91 66.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Hanne Espe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Odd-Bjørn Saltnes
Stord kommune
Etne kommune
Bømlo kommune

Vedlegg

- 1 Tilskot til lokale friluftslivstiltak 2015
- 2 Tilskot til lokale friluftslivstiltak 2015 søknadar